

Kvinnherad er landets største hjortekommune og toppar fellingsstatistikken for 2011 med det som truleg er Norgesrekord - 1250 felte dyr - som er 5 fleire enn i fjor. Men i dei fleste valda i Uskedalen er det relativt låge fellingstal. Det er tidlegare sagt til uskedalen.no av ein jegar med lang erfaring at hjortejakta i haust i vår bygd var den dårlegaste på mange år med omsyn til utbytte,

I kommunen som heilheit var det ein fellingsprosent på 78,2 ettersom det var tillatt felt 1599. Fordelinga på alder var også god. Det vart felt 25 prosent kalvar, 16 prosent åringsbukkar og 12 prosent åringskoller.

Statistikken viser 50,7 prosent hanndyr. Målet er å fella 55 prosent kalv og ungdyr og denne hausten nådde dei opp i 53,3 prosent. Slaktevekt for ungdyr og vaksne koller var litt lettare enn i 2010. Kalvane hadde same vekta men eldre bukk auka med eitt kilo. Registreringa har også med ein statistikk over observasjonar gjort av jegarane i 2010 og også her leiar Kvinnherad med nesten 10 000 sette hjortar.

Ser ein så nærare på hjorteviltstatistikken for i fjor og går inn på Uskedalen fortel den at Musland-valdet framleis ikkje er rapportert inn, men viltforvaltar Trygve Varanes opplyser til uskedalen.no at dei felte 23 dyr av 25 tillatt felte.

I Fjellandsbø-valdet var resultatet 5 av 10 tillatt felte. Statistikken blir ikkje uventa toppa av Haugland med 23 felte av 29 og det er ein prosent på 82,1,

Kjærland/Myklebust/Ytre Rød kjem opp i 60 med 18 av 30 tillatt felye medan Øvre Feet/Døssland har 44,4 prosent med 12 av 27. Ytre Feet/Eik kan skilta med ein fellingsprosent på 50 etter felling av 5 av 10 medan Rød hadde 44,4 (4 av 9) og Skorpo 50 (4 av 8),

Ljosnes kan oppvisa berre 22,2 prosent med berre 2 felte dyr av 9 og ligg på botnen av statistikken frå Uskedalen.

Varanes konstaterer at ekstrajakta før jul ga eit godt resultat mange stader, men den har tydelegvis ikkje betydd så mykje i vår bygd. Nytt av året var felling av 16 rådyr, også den ein formidabel ressurss i utmarka vår.

Av Ola Matti Mathisen